

Vinje kommune

Dykkar ref: 20220002

Vår ref: 2025/102669

Dato: 06.06.2025

Mattilsynet sitt fråsegn til reguleringsplan for Tangen - Møsstrond - PlanID 20220002

Vi syner til høyring og offentlig ettersyn av reguleringsplan for Tangen – Møsstrond.

Mattilsynet er sektormynde innan drikkevatn, plantehelse, fiskehelse/fiskevelferd og dyrehelse/dyrevelferd og høyringsinstans etter plan- og bygningslova. Vi skal høyrast i alle plansaker som vedgår våre sektorområde.

I denne saka gjer me fråsegn til sektorområdet drikkevatn/vassforsyning.

Saksopplysningar

Planframlegget legg til rette for stadbunden næring og eit berekraftig grunnlag for fast busetjing på Møsstrond, samt oppfylle kommunens ansvar som ein del av område i verdsarven. Tekst frå planomtala:

«Alle bygga som treng vatn, avløp og straum må koplast til eksisterande anlegg. Det må søkjast om utsleppsløyve dersom dagens reinseanlegg ikkje har nok kapasitet til å ta i mot avløp frå nye bygg, eller om det etablerast nytt reinseanlegg. Det er ikkje kommunal vassforsyning eller avløpshandtering. Drikkevatn i dag kjem frå Møsstrond. Det må truleg etablerast borevatn for vassforsyning. For utleigehyttene kan det etablerast ei enklare løysing for sanitæranlegg, t.d. med do-løysing som ikkje treng vatn og avløp (type forbrenningsdo, bido eller liknande) og sommarvatn til utekran. Det kan ved seinare høve leggjast inn vatn og etablerast lokalt reinseanlegg dersom behovet endrar seg, dette er sikra i føresegnene pkt. 3.1.2.»

Mattilsynet meiner at drikkevatn/vassforsyning ikkje er tilstrekkeleg utgreia i planen

Ved varsel om oppstart av planarbeid gav vi innspel og forventningar til planarbeidet 11.04.2023. Vi ser dessverre ikkje at planen svarer godt nok ut dette.

Mattilsynet syner spesielt til område regulert til følgande:

3.1.1 Næring/tenesteyting, N/T

3.1.2 Utleiehytter, UTL

3.3.2 Spredt næringsbebyggelse, LNS 2 Innafor området kan det etablerast næringsfunksjonar som nærbutikk, garasje og verkstad.

Vi ser at planen ikkje svarer godt nok ut kravet til trygt og nok drikkevatn. Eller svarer ut kravet til ei vassforsyning som innfrir krava i drikkevassforskrifta. Eksisterande anlegg er ikkje registrert hos Mattilsynet.

Følgande må derfor komme fram gjennom skildring og føresegner i reguleringsplanen:

- Det må vere avklart kva løysingar for vassforsyning planområdet skal ha. Løysinga må sikre både nok og trygt drikkevatn. Planen må innehalde realistiske og langsiktige løysingar for vatn og avlaup for eksisterande og nye tiltak. Val av avløpsløysingar har betyding for sikringstiltak og plassering av vasskjelder, og må derfor vere utgreidd i planen.
- Viss tiltaka i planområdet skal koplast på eksisterande vassforsyning, må det vere avklart at vald vassforsyning kan levere nok og trygt drikkevatn til både eksisterande og nye tiltak. Nok vatn til sløkkevatn må også vurderast.
- Ved behov for etablering av ny vassforsyning, eller ved behov for større endringar i eksisterande vassforsyning, skal dette vere plangodkjent av Mattilsynet før utbygging startar.
- Både eksisterande og framtidige kjelder må takast omsyn til. Vurder om det bør vere omsynssone. Hensynssone H110 (nedslagsfelt drikkevatn) skal brukast der vasskjelda er overflatevatn med tilsigsområde, og H120 (område grunnvassforsyning) der vasskjelda er grunnvatn med tilsigsområde.
- «Før det blir gjeven ferdigattest på nokon av bygga innafor LSN1, N/T og LSN2 skal det dokumenterast at vassforsyninga er ivareteken». Vi ser det er føresegn i planen om at

drikkevatt skal bli ivareteke. Vi meiner at kravet bør settast tidlegare. Det bør lagast nye føresegner og rekkefølgekrav i planen for å sikre at tilfredsstillande vassforsyning og leidningsnett er på plass før bygging startar.

- Det bør komme fram i planen korleis eigarskap av vass- og avløpsanlegg skal vere. Sjå lov om kommunale vass- og avløpsanlegg.

Krav i Drikkevassforskrifta

Reguleringsplanen skal syne at det er mogleg å levere tilstrekkelege mengder trygt drikkevatt til kvar tid. Reguleringsplanen må vise at det blir lagt til rette for at planområdet vil ha ei vassforsyning som oppfyller krava i drikkevassforskrifta.

Forskrifta stiller blant anna krav til vasskvalitet og vassmengde, beskyttelse av tilsigsområde og vasskjelde, leveringssikkerheit og drift.

Det er spesielt drikkevassforskrifta si § 4 om forureining, § 9 om leveringssikkerheit, § 12 om beskyttelse og § 26 om pliktene for kommunen, du må forhalde deg til når du skal lage reguleringsplanar for kommunen.

Vi syner til vår rettleiar på våre nettsider: [Drikkevannsforsyning Reguleringsplanar og Mattilsynet sitt fagområde – kva må du tenke på?](#)

Rettleiinga tar utgangspunkt i regelverk og nasjonale forventingar for våre fagområde, slik at de kan vareta desse i heile planprosessen og fram til planen er vedtatt.

Med helsing

Mattilsynet, tilsynet

Ingrid Flatland

Jorunn Aasgaard Grini
avdelingsleder

Dokumentet er godkjent elektronisk / This document has been electronically approved

Kopi til:

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK